

**Saksnamn: Detaljregulering Aursnes Industriområde****Planid: 15282022003****Møtestad: Teams****Møtedato: 21.03.2022****Deltakarar:**

Frå kommunen

Forslagsstillar:  
Aursnes Eigedom AS v/ Dag Rieve Kristiansen

Arild Sunde Rinnan (Arealplanleggar)

Fagkunnig plankonsulent:  
Kibsgaard-Petersen AS v/ Ola Kibsgaard-Petersen

Andre:

Tor Rieve Kristiansen (Aursnes Eigedom AS)

Kenneth Gårdsvoll (Kibsgaard-Petersen AS)

**1. Bakgrunn for å starte opp planarbeidet**

(Her skal det kome fram kva som er forslagsstillaren sin intensjon med planarbeidet)

Det er eit ønske frå forslagsstillar å sjå på industriområde på Aursneset samla i ein detaljreguleringsplanprosess for å kunne legge føringar for vidare utvikling og utbygging innanfor området. Forslagsstillar har eksisterande fabrikkbygg på 1/17 som dei har ønske om å utvide og få til ein betre veg mellom dette produksjonslokale, og produksjonslokale på 1/8, då det er ein del transport mellom desse. Det er også konkrete planar om nybygg på 1/8 og 2/33. Generelt ønskjer forslagsstillar å sjå på det interne vegsystemet for området.

Forslagsstillar ønskjer at alle aktørane innanfor planområdet kan finne gode løysingar i fellesskap gjennom denne planprosessen.

Forslagsstillar gir i oppstartsmøte inntrykk av at så tidleg i prosessen er dei ganske open korleis dei skal løyse høva knytt til byggehøgde og utnyttingsgrad og liknande på området. Ein moglegheit er å dele inn i delfelt for området som får individuelle føresegner knytt til seg utifrå for eksempel terreng og behov.

Vedlegg (materiale som vart lagd fram frå forslagsstillaren under førehandskonferansen)

- Planinitiativ

**2. Utdyping av tema som vart drøfta på møtet**

(som ikkje blir omtalt i punkt 4)

**Bustader på næringsområdet:**

Det ligg ein einbustad innanfor området i dag og eldre reguleringsplan legg opp til ein bustad til. Reguleringsstatusen for den eksisterande bustadeigedom må vurderast i samarbeid med heimelshavar av bustadeigedom.

**Gebyr:**

Plangebyr på 75 daa planområde med 2022-satsar (handsamingsgebyr og arealgebyr):

Ca. 64 000 kroner

**Planavgrensing:**

Det legges opp til å halde seg innanfor avsett næringsområde i kommunedelplanen.

**3. Planføresetnader**

skal fyllast ut av kommunen

**Reguleringsplanform**

- Detaljregulering  
 Områderegulering

Følgjande overordna planar (fylkesplanar, arealdel til kommuneplanen, kommunedelplanar, områdereguleringsplanar, temaplanar mm.) har konsekvensar for planområdet:

PlanID	Godkjent	Plannamn	Formål (som blir berørt)
15282017004	16.12.2019	Kommunedelplan for Sentrum-Ikornnes	Næringsvirksbygningar

Planen vil erstatte delar av følgjande planar (reguleringsplanar, utbyggingsplanar mm.):

PlanID	Godkjent	Plannamn	Formål (som blir berørt)
15281975003	13.11.1975	Reguleringsplan for Aursnes Nedre	Industri, bustad, veg

15282010004	13.12.2010	Reguleringsplan for Ørsneset industriområdet	Næring/Industri, veg, kai, havneområde i sjø
-------------	------------	---	---

**Er det i gang anna planarbeid i nærområdet?**

- Ja  
 Nei

Merknader:.....  
.....

**Vil planforslaget samsvare med overordna plan?**

- Ja  
 Nei

Merknader: Den planlagde reguleringa synes å vere i samsvar med det overordna formålet næring i kommunedelplanen.

**Vil planforslaget utløyse krav om konsekvensutgreiing/planprogram?  
(Jf. Forskrift om konsekvensutgreiingar - KU)**

- Ja  
 Nei

- Fell planen inn under KU § 2 → skal konsekvensutgreiast
- Fell planen inn under KU §§ 3 og 4 → skal konsekvensutgreiast
- **NB!** Dersom planen fell innunder § 3, men ikkje innunder § 4, skal dette gå fram av varsel og kunnngjering om oppstart av planarbeidet, jf. KU § 5

Merknader:.....  
.....  
.....  
.....

**Tiltaket vedkjem følgjande rikspolitiske/statlege retningslinjer:****Rikspolitiske retningslinjer, jf. pbl.85 § 17-1 første ledd**

- for samordna areal- og transportplanlegging  
 for styrking av barn og unge sine interesser i planlegging  
 for verna vassdrag

**Statlege planretningslinjer, jf. pbl.08 § 6-2**

- for klima- og energiplanlegging i kommunane  
 differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen  
 samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging  
 klima- og energiplanlegging og klimatilpasning

Merknader:.....  
.....

#### 4. Krav til kunngjering om oppstart av planarbeid

Kopi av referatet frå førehandskonferansen skal sendast regionale myndigheiter med varsel om oppstart av planarbeidet. Forslagstillar skal varsle oppstart av planarbeidet, jf. pbl § 12-8. Høyringsfristen skal vere på minst 4 veker. Kunngjeringa skal også publiserast på kommunen si heimeside (kopi av annonseteksten skal sendast til kommunen).

Kunngjering om kva brev og annonse skal innehalde:

- Oversiktskart, avmerka planområde
- Kart 1:1000 – 1:5000 med planavgrensing
- Orientering om planforslaget, gjeldande og framtidig planstatus og formål

Merknader:

- Førebels planavgrensing skal avklarast i førehandskonferansen
- Dokument skal sendas til kommunen for publisering på heimeside
- Skal annonseras i Nyss. For hytteplanar skal det også annonseras i Sunnmørsposten.

#### 5. Tema i planprosessen, med kommentar frå kommunen

Følgjande forhold skal utgreiast i samband med planarbeidet.

Detaljering av vurderingstema går fram i vedlagd sjekklister for innhald i planframlegget.

Tema som ikkje er kommentert i dette referatet kan likevel vere viktige i reguleringa. Ev. behov for utgreiingar skal vurderast av planleggjar i den konkrete reguleringssak.

1. Barn og unge sine interesser	Ingen merknad
2. Universell utforming	Ingen merknad
3. Eldre sine interesser	Ingen merknad
4. Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar, skogbruksinteresser	Ikkje aktuelt
5. Naturmangfald	Ingen merknad
6. Kulturlandskap og kulturminne	Ingen merknad
7. Strandsone, sjø og vassdrag	Planområdet ligg i strandsona, området er i stor grad etablert som industri/næringsområde, så det er slik sett lite eksisterande strandsonekvalitetar å ta vare på i området. Om mogleg, så er ønskeleg med ein ålmen gangpassasje frå Aursneset og sørover for ein framtidig samanhengande kyststi. Kommunen ser at dette kan vere utfordrande i dette området med kaianlegg og anna verksemd der tryggleik for ålmenta også må ha fokus, men det bør vere eit vurderingstema i planprosessen.

12. Klima og energi	Ingen merknad.
13. Folkehelse (støy, ureining, m. v.)	Støyande verksemd innanfor industriområdet: Kaia med lossing kan vere støyande. Mogleg ein må gjere vurderingar og ha avgrensande føresegner.

## 6. Krav til planforslaget – innhald og materiale

- Plankart (PDF-plankart og det skal leveras feilfri SOSI-fil ved 1. gongs offentlig ettersyn og etter eigengodkjerning)
  - Namning av dokument: «(planid) – (plannavn) - Plankart rev. (dato)»
- Reguleringsføresegner (jf. pbl § 12-7)
  - Namning av dokument: «(planid) – (plannavn) - Føresegner rev. (dato)»
- Planomtale (jf. pbl § 4-2)
  - Namning av dokument: «(planid) – (plannavn) - Planomtale rev. (dato)»
- Risiko- og sårbarheitsanalyse (jf. pbl § 4-3) evt. ROS-sjekkliste (Fylkesmannen) (sjå kommunen si heimeside under «Reguleringsplan»)
- Konsekvensutgreiing (jf. pbl § 4-2 og KU-forskrifta)
- Utfylt sjekkliste for innhald i planframlegget (sjå kommunen si heimeside under «Reguleringsplan»)
- Kopi av kunngjeringsannonse, varselbrev og adresseliste
- Kopi av innkomne merknader
- Ev. illustrasjonar (terrengmodell, 3D- illustrasjonar, landskapsanalyser...)
- Ev. rammesøknad (ved samtidig handsaming av plan- og byggsak jf. pbl § 1-7)

## 7. Oppstart av planarbeidet – tilråding frå kommunen

- Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet
- Kommunen er usikkert om oppstart kan tilrådest
- Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet

Grunngjeving:

Reguleringa er i tråd med overordna kommunedelplan.

Reguleringsplanane for området er frå 1974 og 2010. Kommunen ser fordelene med å sette i gang ein oppdatert planprosess som tar for seg heile næringsområdet og stadfester framtidig bruk av området med dagens krav og utgreiingar i planprosessen.

## 8. Vidare framdrift

Er det aktuelt med utbyggingsavtale for gjennomføring av planen?

- Ja
- Nei
- Ikkje avklart

8. Miljøvern faglege vurderingar	Om det er forureiningar frå verksemdene eller i området må dette kartleggast.
9. Samfunnstryggleik og beredskap	<p><b>Stormflo:</b> Store delar av planområdet ligg i kommunedelplanen med faresone stormflo. Dimensjonerande kotehøgde er berekna til 2,6 (tryggleiksklasse 2) og 2,7 (tryggleiksklasse 3) + bølgepåverknad (I ytre del av Sykkylvsfjorden er det vurdert at vindtilhøve vil krevje at bølgepåverknad vil vere ein faktor, men det er ikkje vurdert kva denne faktoren vil utgjere på kotehøgden). I reguleringsarbeidet for Haugbukta lenger inn i fjorden vart det lagt på 0,5 meter for bølgepåverknad. Ein må i dette planarbeidet også vurdere kva ein skal legge inn som faktor for bølgepåverknad.</p> <p><b>Sekundærverknad frå flodbølge (Åknes):</b> Delar av planområdet ligg innanfor kommunedelplanen med faresone flodbølge.</p> <p>Dimensjonerande kotehøgder for Sykkylvsfjorden er 2 meter (tryggleiksklasse 2) og 4 meter (tryggleiksklasse 3).</p> <p>Ein må i reguleringsplanen ha føresegnar der ein må oppfylle kotehøgdekrava eller dimensjonere bygg/konstruksjonar for å tåle påverknaden av stormflo og flodbølge.</p>
10. Veg og vegtekniske forhold, trafikktryggleik	<p>Er hovudtilkomst til område tilfredsstillande med dagens aktivitet og evt framtidig aktivitet som reguleringsplanen legg opp til?</p> <p>Det er ein del tungtransport inn og ut av området og transport internt i området, samt at område både er til næring og der ligg ein bustad. Ein må utforme dei interne vegløyvingane innanfor området på ein slik måte at ein ivaretar god trafikktryggleik.</p>
11. Kommunaltekniske anlegg (vass, straum, avløp, renovasjonsteknisk plan)	<p>Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan i samband med reguleringa som skal ligge ved planforslaget til høyring. Denne skal følgje VA-norm Sunnmøre og vedlegg «B1 Krav til VA-rammeplan». Denne kan ein finne på <a href="https://www.va-norm.no/sykkylven/">https://www.va-norm.no/sykkylven/</a>.</p> <p>Straumen nett AS kan kontaktast for straum.</p> <p>Sykkylven energi kan kontaktast for vatn- og avløp.</p> <p>Sykkylven kommunen har ansvar for overvatn.</p>

- Avgrensing av planområdet er avklart
- Kommunen sender forslag til plannamn og plan-ID til plankonsulenten etter konferansen (sjå øvst side ein)
- Det er nokon eigedomsgrensene i planområdet som ikkje har tilfredstillande kvalitet. Forslagstillar og andre aktørar i området bør vurdere å stadfeste grensene.
- Kommunen oppfordrar forslagstillar å leggje til rette for aktiv medverknad tidleg i planprosessen.
- Forslagstillar skal kontakte Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS for å avklare kapasiteten av dei kommunaltekniske anlegga
- Det kan vere ønskeleg med eit ekstramøte der ev. innkomne merknader, plankonsulenten sine førebels skisser og forslag vert gjennomgått
- Forslagstillar er gjort kjent med reguleringsplanprosessar (illustrasjon) (sjå kommunen si heimeside under «Reguleringsplan»)
- Forslagstillar er gjort kjent med sakshandsamingsfristar (sjå kommunen si heimeside under «Reguleringsplan»)
- Forslagstillar er gjort kjent med kommunen sitt gebyrregulativ for handsaming av reguleringsplanar. (sjå heimesida til kommunen)
  - Kommunen leverer kartfiler til følgjande e-postadresse:  
Ta kontak om kva om ein treng sosilfiler av omkringliggende planar.
  - Kommunen leverer vedlegga til dette dokumentet til følgjande e-postadresse:  
[ola@k-p.no](mailto:ola@k-p.no), [kenneth@k-p.no](mailto:kenneth@k-p.no)



## 9. Stadfesting

Under førehandskonferansen er utgreiingsbehov for planarbeidet opplyst så langt det har vore mogleg på dette tidspunktet. Liste over krav til plan er delt ut under konferansen saman med ev. kommunale vedtekter og retningslinjer.

Innkomne merknader, ev. krav frå myndigheiter til planen, vil kunne føre til endring av prosjektet eller til framdrift av prosjektet.

Dato: 31.03.2022

For kommunen:

Referatet er godkjent og motteke (dato): 31/3-22. O. R. Kaste

For forslagstillar: .....

Vedlegg:

- Liste over offentlege høyringspartar ved varsel om planoppstart i Sykkylven kommune